

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 28. november 2024 kl. 19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Wenche
Kaffi og kjeks:	Reidun

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades: Heine Kaldefoss, Tormod Stautland, Guro Betten, Roald Sangolt, Wenche Midttun, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Forfall: Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Marit M. Romfog.

SAKLISTE

2024/43 - 012.1 Vedtak:	Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjent.
2024/44 - 012.1 Vedtak:	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 03.10.2024 og 31.10.2024 Godkjent.
2024/45 - 310/317 Saksutgreiing:	Gudsteneste og takkofferliste Vedlagt ligg gudsteneste og takkofferliste for våren 2025. Bjarne og Reidun har hatt ein gjennomgang av retningslinjene for takkoffer, og har ingen konkrete endringsforslag.
Vedtak:	Soknerådet godkjente gudsteneste- og takkofferlista med dei merknadane som kom fram i møtet: KRIK er nytt takkoffer-formål, og får eit offer i semesteret framover. Soknerådet godkjente retningslinjene slik dei er, med KRIK som nytt formål.
2024/46 - 120 Saksutgreiing:	Årsbudsjett 2025 Vedlagt ligg forslag til årsbudsjett for 2025. Soknerådet kan koma med forslag til endringar.
Vedtak:	Soknerådet ynskjer å sjå meir på kontostrukturen og evt endre den. AU ser på dette før jul. Vedtak av årsbudsjettet blir på neste møte.
2024/47 – 217	Fleire medlemar til gudstenesteutvalet Gudstenesteutvalet i Nysæter består i dag av Bjarne, Roald og Fridleif, det er minst ein person for lite. Veldig kjekt om det er fleire som kan tenkje seg å vere med i utvalet.
Vedtak:	Soknerådet jobbar aktivt framover med å få folk/ forslag til navn, til gudstenesteutvalet. Forslag til navn kan sendast til Sigrid eller Fridleif. Dette vil og bli teke med i kunngjeringane framover.
2024/48 – 002.3 Saksutgreiing:	Val av soknerådleiar Soknerådsleiar vert valt for eit år om gangen. Sigrid og Heine kan tenkje seg å halde fram som soknerådsleiar og nestleiar, andre innspel er velkomne.
Vedtak:	Sigrid T. Langøy fortset som leiar og Heine Kaldefoss som nestleiar.

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

2024/ 49 - 012
Saksutgreiing:

Møteplan våren 2025 for Nysæter sokneråd

AU føreslår desse datoane for våren:

SR: Torsdag 20. februar

AU: Tirsdag 11. februar

SR: Torsdag 20. mars

AU: Tirsdag 4. mars

SR: Torsdag 15. mai

AU: Tirsdag 29. april

Tidspunkt: 19.00 – 21.00

Tidspunkt: 08.30 – 09.30

Idemyldringa som vart utsatt i august, sak 2024/30, vert gjennomført på eit forlenga soknerådsmøte **20. februar med start kl. 17.00 – 21.00 NB!**

Årsmøte for kyrkjelyden blir søndag 6. april etter gudstenesta.

Vedtak:

Soknerådet godkjente møteplanen for våren 2025, og dato for årsmøte.

2023/50- 130

Årsrekneskap 2023

Årsrekneskapen for 2023 er avlagd og revidert (07.06.2024) og viser eit rekneskapsmessig driftsoverskot/mindreforbruk på kr 6 756. Årsrekneskap ligg vedlagd.

Vedtak:

Driftsoverskotet for 2023, kr 6 756, vert satt av til ubundne fond.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Lys Vaken vert utsett til februar eller mars då det er kun seks 11-åringar som er påmeldt. Forslag om å ha samlinga i lag med dei som blir 11 år i 2025.
2. Det er ynskje om å starte søndagsskule i kyrkja. 27. november var det eit møte i kyrkja der ein planla litt i forhold til dette. Ynskje om å ha søndagsskule i søndagsskulerommet under gudstenesta fram til nattverdstart. Barn som er med i dåpsfølgje kan bli med på samlings etter dåpen, tre team annakvar søndag fram til påske, nokre er spurd om å bidra. Det er mykje søndagsskule-utstyr etter tidlegare søndagsskule. Nytt møte med teama vert 20. januar 17.00. Søndagsskule-samlingane vert evaluert etter første kvartal.
3. Julestallen: Stallen blir satt opp på Torget 4. desember. Reidar er prosjektleiar og har ansvar for vaktlistene, dei som vil vere med tar kontakt med Reidar.
4. Målfrid Helle er takka av med gåve frå soknerådet etter mange år som dyktig og flott leiar i Kyrkjeringen. Solveig Nilsen er ny leiar.
5. Dato for basar i 2025 vert 18. oktober, dette vert sak på februar-møtet. Heine, Sigrid og Reidun er basar-komite.
6. Fridleif informerer frå staben: Julevandringar er i full gong, alle skulane blir med på skulegudstenestene, trusopplæringsstillingane er lyst ut på nytt, T-dagar til våren: Tårnagentar og LysVaken. Slik stoda er no er det ingen tilsette som kan gjennomføre desse, soknerådet må tenkje om dei kan ta på seg Tårnagentane i tillegg til LysVaken. Ny prost 1. januar, soknepresten i Bremnes er fungerande prost fram til dess.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat Stord sokneråd 03.10.2024
2. Referat fellesrådet 18.09.2024
3. Referat fellesrådet 14.11.2024
4. Referat Diakoniutvalet 21.10.2024
5. Referat TOL- utvalet 30.10.2024

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Viktige datoar 2025

- **9. januar – Medarbeiderdag** i Nysæter kyrkje for stab og sokneråd kl. 16.30 - 20.30. Litt oppfølging i forhold til temaet med frivillige som var i forrige samling, og tema rollefordeling i forhold til sokneråda og staben.
- **20. februar – idemyldring Nysæter sokneråd kl. 17.00 - 21.00 OBS**
- Årsmøte 6. april
- Fasteaksjonen 8. april
- 13. september - Medarbeiderdag i Nysæter kyrkje (eller anna plass) for stab og sokneråd kl. 10.00 – 17.00, kanskje teambuilding i friluft.
- 18. oktober – kyrkjebasar
- Blomehelsing til jul på Buneset; soknediakonen ynskjer forslag til folk som kan spørjast om denne tenesta. Det kom forslag til kven som kan spørjast, Reidun tek det vidare.

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd:
Tid: 20.02.2024 kl 17.00-21.00 OBS!
Stad: Nysæter kyrkje
Opning: Fridleif